

«For Dykkar skuld held eg meg sjølv heilag!»

Olav Sletto på taleferd i Agder i april-mai 1911.

Brevtekster redigert av Eva Almhjell.



Foto: Privat

Eva Almhjell (f. 1945), sosiolog med historie og tysk i fagskrinsen frå Universitetet i Oslo. Busett i Hovet og Tønsberg. Mangeårig røynsle som journalist og web-redaktør (m.a. fra NRK), og prosjektarbeid med demokratiutvikling i Norge og Europa for og saman med barn og unge. Frå 2012 leiar i Olav Sletto-selskapet. Under hennar leiarskap er kvinnene i Olav Slettos liv og diktning kome fram or skuggane. Saman med Jørn Øyrehagen Sunde skreiv ho boka "Anne Sletto – eit kvinneportrett" om mor til Olav Sletto (Boksmia 2015). Frå 2016 er det prosjekt «Digitalisering av Sletto-arkivet» - fase I, som har tatt mesteparten av styret si tid. Tre folk har vore i sving med ulike delar av arkivet. Almhjell har arbeidd med Slettos talar, og brevvekslinga mellom Olav og Karin (f. Bryde) Sletto. I 2018 er vi i gang med fase II – formidling av transkribert arkivstoff.

I april-mai 1911 var Olav Sletto på taleferd i Agder. Han skriv morosame, insisterande og forførande brev til ei han var stupende forelska i. Nedanfor gir vi att utdrag frå breva mellom ho i Sandefjord og han i Agder.

Han kom med Bergensbanen frå Hallingdal, skifta til Vestfoldbanen i Kristiania og passerte Sandefjord midt på natta til 8. april 1911. I denne fornemme reiarbyen i Vestfold budde Olav Sletto sin store kjærleik, Karin Bryde. Han var på veg til taleferd i Agder. Han skriv «...Og eg har dikta menneskjelagnader, eg som ikkje fyrr no hev visst kor rik ei kjenslemagt det er aa elska heilt! ... Orsak skrifti er stygg! Eg vilde braatt gleda Dykk i morgon. No legg eg brevet inn i Sandefjord, med same eg fer forbi i natt. Hadde eg havt tid, so hadde eg i natt vilja gjenge stillt forbi huset der De søv. God natt!» [brev dater 8.4.1911].

Karin, som kjende hans nærvær ved sitt nattlege leie, skjønar brått kvifor ho ikkje fekk sova, og svarar i brev dagen etter: «...Nei, De skal ikke skrive mig alt dette deilige til, før vi atter har truffet hinanden! Jeg ræddes jo for at møde Dem da – forstaar De ikke det? Maaske er jeg ikke den kvinde De tænker at se i mig - ...».

Eit eruptivt kjærleiksdrama er under utvikling. Det som starta som bljug tilnærming, skal snart nå sine heitaste høgder. Men alt no ser Karin noko ho reddast for: at Olav skapar henne i sitt bilde, og ho er redd kløfta mellom draum og verkelegheit kan bli for stor når dei omsider treffest.

Det fyrste møtet

Det var på Notodden lærarskule Olav og Karin møttest, under eit elevstemne forsommaren 1908. Ho hugsar det som var dei fortrylte, begge to. Ho hadde merka seg denne vakre studenten alt eit par år tidlegare, og drøymde om å sjå han att. Det skulle likevel ta fleire år før dei vart eit par. Sosiale og økonomiske stengsler måtte forserast. Det var eit heilt drama! I brev til Olav Sletto våren 1911 minnest Karin møtet mellom dei slik: ...Vi staa der, vi to og jeg tør næsten ikke se paa Dem – langt mindre spørge: "Hvor mange gange skal vi nu gaa

rundt, før vi mødes?” Og jeg hører endu Deres sikre, klangfylde svar, som jeg desværre kun kan oversætte: ”Første gang saa mødes vi, men skilles – anden gang saa mødes vi og skilles ikke mer.” Ho hadde reist til Notodden med håp om å sjå han att, ”gutten fra den gang”. Karin skriv dansk.

Men var det noko underleg ved det, at to unge menneskje treftest på ei elevfest – og fann kvarandre? Dei var kanskje ikkje dei einaste i festlyden som vart ramma av Amors piler, men det var likevel ikkje heilt sjølvstøtt at det vart blink. Skulane for vaksen ungdom fungerte nok som ekteskapsmarknad. Dei var slik sett viktige, ikkje berre for å demme opp for innavl i små bygdemiljø – men også for å bidra til ei sunn utvikling i ein nokså lukka overklasse. Men dei sosiale forskjellane var store og til dels uovervinnelege. Fjellguten ante – og held seg unda. Men – han hadde forfattarambisjonar, og det ga han seg ikkje på. Han hadde å følgje sitt kall.



Garden Sletto i Hol/Hallingdal, Olav Sletto sin fødestad. Foto: Lars Bry/Hol bygdearkiv

Olav Sletto (1886-1963) vart født på garden Sletto i Hol i Hallingdal – som sokalla «uægte barn». Mor, tenest-jenta Anne (18), måtte ut att i tenest radt etter nedkomsten. Guten vaks opp hjå besteforeldra – i enkle kår - som så mange andre i små fjellbygder på slutten av 1800-talet. Olav var trass alt heldig, men han kjende, skriv han i mange brev, på ei stor einsemd og eit djupt morssakn.

Han debuterte i 1908 med fortellinga «Dei gamle», og hausta stor fagnad blant kritikarane i hovudstaden. Dette var heimstaddikting av høg kvalitet, nett det bykritikarane ville ha frå provinsdiktarane. Ja, tilmed Bjørnstjerne Bjørnson, Olavs store forbilde, slutta seg til den urbane vellydsflokk. Det var spesielt, for det hadde laga seg rykte om at det var Bjørnstjerne Bjørnson som var far til Olav Sletto. Då det viste seg at Bjørnstjerne bevisleg var i Paris med nesten heile familien sin på den tid barnet må ha vorte unnfanga, datt botnen ut av rykta. Ein mangla likevel i Paris. Det var yngste sonen til Bjørnsons. Kvar var han? Far trudde han var i Bayern på landbruksskule, men slik var det ikkje. Då var han kan hende heime på Aulestad? Var det der Anne Sletto var tenestjente hausten 1885? Ingen veit, men bygdedyret visste gjera raske koblingar: Var det ikkje far, så var det nok sonen - Erling. Korkje mor Anne eller sonen Olav avsanna desse rykta nokon gong. Tvert om. Dei spelte på uvissa og laga seg gåtefulle. Var det kan hende den potensielle farfar som hausten 1908 inviterte den unge debutanten til samtale? Olav skriv om dette møtet i eit seinare brev til Karin, at han fortalde den store forfattaren om sin vonlause kjærleik til ei kvinne han hadde treft på vårparten. Den gamle ga inderlege råd om å halde på henne, for slike personlegdomar som han og Olav trengte nett slike kvinner. Kvinna var Karin Bryde.



Kathrineborg, Karin Brydes heim i Sandefjord. Foto: Privat. Bildet er lånt ut av Are von der Lippe.

I Sandefjord levde **Karin Bryde** (1884-1965) sitt liv – mest som travel selskapsdame for mor si, Karen Bryde. Yngst i ein søskenflokk på 12, vart ho farlaus som 15-åring. Ei stor sorg for henne. På Notodden lærarskule tok ho utdanning som kunstveverske (1902). Ho vaks opp på Kathrineborg i Sandefjord. Far hennar, Johan Maurits Bryde, var skipsreiar, som fleire av brørne til Karin var det. Familien høyrde til den absolutte overklasse i småbyen ved Vestfoldkysten.

Som det går fram av breva ho skriv til Olav Sletto mens han var på taleferd i Agder, kjende ho seg framand i eigen familie. Ho var opptatt av åndelege tema, ein tidvis religiøs grublar, mens resten av familien var, meinte ho, materialistisk innstilt. Men rikfolk den gongen var ofte mesenar for fattige kunstnarar. T.d. hadde målarer og bohemen Christian Krohg eit rom til sin disposisjon på Kathrineborg, og det var han som var forlover – in absentia – då Karin og Olav gifta seg i all hemmelegheit i Drammen 27. juli 1911.

Det åndelege som erotisert bindemiddel

Det var interessa for det åndelege som batt Karin og Olav saman frå fyrst av - ei sterkt erotisert åndelegheit, må ein kunne legge til. Men før dei visste *det*, skreiv Karin og gratulerte Olav med debuten. Ho ynskte seg fleire bøker i same «aand». Så var det stille mellom dei – meir enn eitt år. Før jul 1910 kom det så eit teppe ho hadde vove til Olav, som sat skreiv i kammerset sitt hjå besteforeldra i Sletto i Hol. Han gjorde det når han ikkje var ute på taleferder.

Olav takka Karin for teppet i romjula 1910, og «vona på nokre linor». Så tek han ut på taleferdene sine. Det vart meir enn 70 av dei, og dei går til stader over heile Sør-Norge i åra 1910-1917. Fyrste taleferda i sørvest, til Agder-fylka, gjer han i april-mai 1911.

Taleferdene

Slettos oppdragsgivar var Noregs Ungdomslag, og den dei sende var kjent som ein stortalar. Han lærte sitt tema til botnars – utanboks - og brukte aldri manus når han tala. Han tala mellom anna om Garborg, Ibsen, Bjørnson og Hans Nielsen Hauge. Slutten var alltid open. Den laga han der og då – i samspel med sitt publikum. Talane var kunstverk, bygde opp som eit stykke slåttemusikk, seier professor Jørn Øyrehagen Sunde ved Universitetet i Bergen. Han har analysert 28 av dei temaene Sletto tala om, og som er bevart i arkivet. [Tala hans på Olav Sletto-dagen 2017 i Ål kulturhus er lagt ut som lydfil på www.olavslettoselskapet.no] Olav Sletto vart, som sine medelevar, drilla i talekunst av Lars Eskeland, landets fremste talekunstnar, lærar og rektor ved Voss folkehøgskule. Sletto var elev der i 1902-03 og gjorde seg god nytte av Eskelands drilling.

Etter 1905 var målsaka eit heitt tema i Norge. Då Gabriel Scotts «Babels tårn» vart spela på Nationalteatret i 1911, kom det til regelrette slåsskampar mellom riksmålsfolk og landsmålsfolk. Stykket tek opp tidas målforvirring. Dette kjente nok Olav Sletto til. Han var ihuga målmann. Og kvinnestemmeretten bar mot siger. Det var han mindre begeistra for. Roald Amundsen rusta seg for Sørpolferd. Men ingenting av det som hendte i samfunnet rund

var tema i breva mellom Karin og Olav. I seinare brev hadde han gjerne ein kommentar til temaer i tida. I breva frå Agder-ferda var det dei to nyforelska alt handla om. Verda rundt var langt borte.

Breva Olav Sletto sender Karin frå Agder, skil seg altså ut frå seinare brev, der han syner oss ein mann med eit vakent blick og ein skarp penn. Han tok ofte både folk og stader på kornet – på godt og på vondt. Han var vakker og velkledd, og tok seg godt ut på talarstolen. Han likte seg der, og under denne taleferda må han i tillegg ha stråla av forelskelsens galskap. Men alltid med respekt for sitt publikum. Alle stader budde han fint, hjå storbønder på landet og gode hotell i byane.

Avstandane var store, reisetida den gongen lang. Transportmidla var helst hest og slede/vogn/karjol, robåt, lastebåtar og skip – og tog. Togturen mellom Kristiania og Trondhjem tok t.d. 18 timar i 1915, mot 7 i 2015. På denne taleferda tok Olav Sletto tog frå Kristiania forbi Sandefjord og vidare nedover kysten. Då han skulle attende til Kristiania etter endt taleferd, tok han «Breviksbaaten» frå Kristiansand til Brevik [3.5.1911]. Truleg var ruta den same til og frå Kristiansand.

Vêr og føreforhold skifta tidt, og ferdene kunne vera alt frå sledefart i stille, vakkert vinterlandskap til forrykande storm, frå is- og holkeføre til sølete landevegar i vårløysinga. I open småbåt truga rasande bølger med å bryte ned både talar og roorar på ferda mellom øyene, og i dei inste fjordarmar. På større båtar kunne snev av sjøsjuke vera eit problem. Skildringane vart etter føreforholda – frå oppstemt til nedtrykt.

I Agder skreiv han brev frå Kristiansand, Mandal, Øyslebø, så var han i Kristiansand att og sende lange brev til Karin derfra, før han tok vegen oppover til Evje og Homnes og atter attende til Kristiansand. Ikkje alle breva er med her.

Taleferd i Agder – talekunstnar med mål å vinne prinsessa i tårnet

Av Slettos brev frå taleferda i Agder får vi av datering på breva vita kvar han var og når, men det er altså lite informasjon om taletema, lite eller stort frammøte, reaksjonar på tala, inntekter mv. dei stadene han var. Han var simpelthen så forelska, talaren som kom til Kristiansand 10. april 1911, at han knapt nemner slikt som seinare var med i breva til Karin. Men noko er med. Det kjem vi attende til. I breva går han ellers Salomo ein høg gang i sin høgsang til Karin! Han sprudlar over av maskulin kraft, og må døyve viriliteten med kalde avrivningar – på hotellrommet. Karin prøver helle litt kaldt vatn i blodet til den gloheite beilaren, men gir seg raskt over for Olav Slettos morosame, insisterande og forførande ord. Breva mellom dei to har også litterære kvalitetar. Etter 13 brev og før ferda er over, har dei avtala å treffast i Kristiania 7. mai. Oskeladden var ved å nå sitt mål. Men trass heten: dei held på formene – dei var De-s! I brev datert 11. april frå Kristiansand skriv Olav Sletto:




Foto: Wikipedia

Med eg ein augneblink laag og gledde meg i solrutorne paa golvet, fann min tanke Dykk. Og dette vesle hotellromet vart med eingong stort og ljost. For det kann skje under, ja sjølve vidunderet er til. Vidunderet ligg baade i vaaren og min eigen ungdom, - og – mitt bankande hjarta: -

Rikt i sin vaar -
draumfylt og saar,
for vonerne spinn
i traadar av gull
heile deg inn,
og jordi er full
av skattar som braar.-
Ljosnande vaardag, ørsæle blod!
Vaarkraft i flo,
So kjeldorne spring
i engvoll og skog.
Røyster det kling
med syngjande søg,
og heilage Gud. - - -

8-10 minut gymnastik for opne gardiner, so fri og næsten som ein Guds engel. Dernest vaskeballen utyver rygg og brjost – huuuuu! – so godt!

Eg vil barbera meg, og sitja her paa hotellet og hava det festlegt i dag. Eg vil skriva til henne som er den ”kone jeg vil ha”. No er det mest som eg ikkje alltid kann tru at ho verkeleg vil, men eg vonar – ja, eg vonar.

Nei, det nyttar ikkje berre aa vona, ein maa vilja. Hermed vere det daa svore: Eg vil erobra borgi – Kathrineborg utmed havet – ikkje for borgi si skuld, men for prinsessa som bur i taarnet, ho som eig falcken eg hev fanga. Eg vil bera henne ut i verdens dag, der det er regn, storm, solskin, graat og gleda i rikt skifte. Eit underlegt – underlegt slott vil eg byggja henne. Og slottet skal vera til aa flytja. Det skal kunna bli so lite som eit snigelhus, men kvar gong me vil det: stort som Nidaros dom. Det skal vera til aa taka med i ein vanleg kuffert, men óg vera vaar einaste festning i stridstider!

Vil De vita! Nokre tyske spelemenn er komne inn i hagen med eg skriv dette...

Eg lét upp glaset og kasta 25 øre i hatten, og denne stutte, men eldhuga talen vart halden: ”Wunderschön!” ... – So svingar dei instrumenti fjaage. Og eg – bravo! Ropar eg uppe i opne glaset. Vatsglaset som stod paa bordet, det gjeng yver hovudet paa mine kjære vener – soli glitra i det under farten – og i plankegjerdet singlar det i tusund molar. Stort offer paa kunstens altar. Og stor fest og jubel! Kunstnarfest i Kristiansand! Millom tyske og norske kosmopolitar (maalmenn)! –

Atter hev det hendt noko i byen.

Knakk – knakk! ”De ringte?” – segjer gjenta i døri. ”Men Gud – vannæl!” – Og gjenta hadde rett. For golvet er mykje lik ein innsjø etter styrten min istad. – ”Eg vilde faa romet stelt med eg er ute i byen. Og før paa mi rekning eit knust vatsglas!” – Kva gjenta fata, veit eg ikkje. Eg var straks ute paa strøket.

Atter eit nytt hende i byen. Eg laut i telefonen, og vart beden burt til middags. Men so svara eg at eg ingen tid hadde. Som sant var, for me tvo vil vera aaleine i dag. ...



Delar av kvadraturen i Kristiansand. Foto: Wikipedia

... Men det kjenner eg, at her i Kristiansand, ein by bygd etter vinkel – her er det ikkje raad til aa skriva brev som er traai i. Din natur reiser seg i deg til motburd mot noko so i tvang lagd – som denne byen. ...

At eg kann ha vore noko for Dykk, det gjer meg lukkeleg – so hev eg naatt det høgste daa! Men det er so reint uskynlegt for meg. Og De maa naar me i mai møtast i Kristiania, nemna alt saman for meg. Daa vil De fortelja meg litt um Dykkar sjølv. – I kvart det brev som eg hev skriva til Dykk hev eg kvar gong spurt meg sjølv: Skal eg bed henne aa fortelja um sjølveseg – som ville vera det herlegste for meg og den største tillit. ...

Ja, eg tenkjer paa henne dag og natt. Men eg kom jamt til det, at eg ingen rett hadde til aa bed henne um det, so lenge ho ikkje sjølv hadde gjeve meg retten til det. No endeleg hev De paa ein maate gjeve meg lov til aa spyrja. Og De forstaar at i meg hev De den einaste venen – den rette, eine, som med heile sitt væsen lengtar mot Dykk, og De finn det sjølv som ei lukka aa faa tala.

Og eg hev sjølv vorte so open, som aldri fyrr, og kjenner meg lukkeleg ved det at De vil og kann forstaa meg i alt. Det at eg alltid skriv hastigt og slurve, det tilgjev De nok. Det som vert mi oppgaaava aa syna Dykk, det er at det er noko meir en flygtig stemning at eg tilbed Dykk. Eg er ikkje berre stemningsmenneskje. Det kunde hende at eg hadde viljekraft og truskap til eit samliv med idéar og andre menneskje, og styrke til aa lyfta ei heil livsgjerning. Men eg treng so sterkt til Dykk. Eg maa møta Dykk heilt, daa vil det store under skje. Og so visst som eg er stolt yver Dykk, skal De óg verta stolt yver meg. ... Og me tvo vil hjelpa kvarandre til herleg menneskjevokster – til den rikaste bløming inne i vaar sjæl. ... Tilsløra er mi brur, som ei austerlandsk prinsessa, men naar oskeladden lyfter henne i sin arm, daa dreg ho sløret til sides – for ho kjende at han hadde ein konges odel i si magt.

De har ”den sikre tro” paa vaar lukka. Takk for dei ordi! ... Fraa denne dag – eller den dagen De er mi – heilt, fraa den stund spanar eg ein ny streng paa mi fela. Hittils har eg ikkje magta – ikkje havt ord for annan kjærleikskjensla i mi dikting enn saknad, lengt, sorg. No skal me tvo skapa eit dikt um kjærleik, som skal varma kvart menneskjhjarta. Naar mi tunge soge kjem ut til jol ”Under Domen” – so vil eg dikta utav min hjartans rikdom og varme sidor – dikta ljost og herlegt utav den lukka De skapar i mi bringa. Dikta um vaar lukka, dikta til Dykk kjære. ...

Med eg no sit køyrer utyver ifraa byen um ein times tid – i dette herlege vêret – midt i den fyrste vaar, so vit eg óg drøymmer um Dykk. Og naar eg i kveld stend fram for folk, so er eg trygg og god, og elsker dei alle for Dykkar store hjarta skuld.

Takk og kjærleg helsing
Olav Sletto

Den måtehaldne Olav Sletto kastar 25 øre ut til dei tyske spelemennene. Det var mykje pengar den gongen. Og vassglaset ber han galant om at blir sett på hans rekning, medan han verdsvant set romhjelpa i gang med å turka opp vassølet etter avrivinga. Syner han overklassejenta i Sandefjord at han meistrar kodane i hennar klasse? Viktigast likevel: Han

har eit kall, han er forfattar, og i desse tider med sterke kjensler i sving, maktar han å arbeide med det som skulle bli Loke-kvartetten, fire bøker om Loke, som nokon held for hans største verk. Det var tungt og mørkt arbeid han hadde tatt fatt på med «Domen», og ein kan undre seg over at han gjekk inn i dette litterært mørke landskapet no. Det er jo det stikk motsette av det han opplever i kvardagen. Eller kanskje var det slik at det var nett i forelskelsens rus at han fekk krefter til å arbeide med satansmaktene og Lokes sønderrivande tvil? Det tok da også sine år å koma så langt som til publisering. Loke-bøkene kom ut i åra 1915-1918. På eige forlag.

Om byen Kristiansand har han ikkje mykje godt si. Den har lite by eit menneske som Karin Bryde, meiner han. Her er for firkanta, knapt rom for «traa». Men det same kunne han eigentleg si om alle byar. Han avskydde byen, byfolk og alt ved det moderne bylivet: industrien med støy, lort og støv. Arbeidsfolk organiserte seg. Fagrørsla vart ei kraft. For Olav Sletto var massane av skitne arbeidsfolk, kvinner som menn, sædløysa og umoralen som blømde i dei raskt veksande byane skræmeleg. Og alt gnålet frå kvinnesaks-kvinnene, som kravde same rettar som menn. Det var verkeleg heilt unaturleg. Slike kvinner var dessutan ikkje kvinnelege - nok. Sletto høyrde til dei som tok Adams rolle som overordna Eva bokstaveleg. Det måtte vera slik grunna hennar rolle i reproduksjonen. Løysinga på det han og andre i tida såg på som feminiseringa av samfunnet, det som kvinnesakskvinnene kjempa fram, var å vende attende til naturen og jorda, der bonden vart sett opp som ideal for den naturlege og overordna maskulinitet. (Jf. Hamsuns Mysterier m.fl.). Var dette noko Karin kjende seg heime i - eit liv på landet? Ho var bymenneske. Ho såg for seg bustad nær byen. Olav var det han kallar «fjellbonde» [Olver-bøkene]. Han måtte bu på landet. I val av framtidig bustad låg ein kime til usemje. Men det låg noko fram i tid.

Olav sitt mål er, skriv han, å vinne prinsessa i borga, i Kathrineborg i Sandefjord, Karin sin barndomsheim. Oskeladden hadde gitt henne ein falk, ein kraftig fugl med sterke vengjer som kunne lyfte Karin ut av tårnet – eller kanskje var det ho sjølv som var falken som skulle lette - på eigne vengjer? Var det slik han tenkte? Sjølv ville han bæra prinsessa ut ”i verdens dag, der det er regn, storm, solskin, graat og gleda i rikt skifte.” Han ville redde henne *frå* familien hennar, der ho ikkje kjende seg heime. Men kva ville han eigentleg redde henne *til*? Ein rolle i sin eigen draum? Han kjende henne knapt, hadde spinkelt faktagrunnlag å byggje på om Karin Bryde. Så sto han friare til å gestalta henne etter eigne behov? Som hans prinsesse, men også ei som skulle møte hans djupe morslengt - endeleg? Var det draumen om den tapte mor som var den djupaste drivkrafta i Olav Slettos voldsame pasjon?

Då han passerte Sandefjord på ferda nedover mot Sørlandet, var det mørkt, så han såg ikkje Kathrineborg. Men Brydeslottet, som borga heiter på folkemunne, har faktisk eit tårn [sjå bildet av Kathrineborg] – som i Olavs eventyr. Tilfeldig? Nei, truleg heller det Karin kallar «overordentlig». Prinsessa i tårnet hadde også sine draumar om eit anna liv, eit samliv, der ho kunne realisere sin «bestemmelse», ikkje berre som hustru og mor – for eigne barn – men noko meir, noko ho framleis streva med å seta ord på. Den sensitive Karin fekk ellers ikkje sova denne natta. Ho kjende Olav Sletto sitt nærvær, skjønar ho, då ho las brevet hans. Karin Bryde er romantisk over alle grenser – og ho elsker eventyr.

Frå Kristiansand gjekk ferda til Mandal med hest og karjol. Det er i dag ein strekning på 42 km. Folk og landskap var farga av blikket til ein forelska mann, og då han sto på talarstolen denne kvelden, og dei andre kveldane under ferda i Agder, ville eg tru publikum fekk ekstra valuta for inngangspengane sine. Det meiner han sjølv, også.

Olav skriv brev frå Mandal 14. april og får svar frå Karin 19. april 1911.



Reistar av «de 72», dvs. dei 72 trappetrinna mellom huset og eplehagen, som grensa til køyrevegen. Den store eplehagen er borte, vegen flytta og området er fortetta i fleire vendingar.
Foto: E. Almhjell, 2018

Olav Sletto!

... Jeg Tænker og drømmer stundom, at De kommer til St. Hans – at jeg fører Dem opad de ”72” [talet på trappetrinn mellom vegen og huset, som ligg i bratt terreng] og vi tager veien hen til det deilige lysthus – med udsigt over sjøen. Og jeg viser Dem noget skrevet paa bordpladen – et navn skrevet for nogen tid tilbage – og De blir glad og varm – og jeg kjender Deres arme tæt om mig, og vi gribes atter af troen paa dette ”overordentlige”. ... Og én ting ved jeg: at jeg gaar aldri ind i noget, jeg ikke helt kan magte.

Men træffe Dem maa jeg jo – se Dem igjen, og det er alt, hvad jeg nu stunder efter. Og vi vil være gode med hindanden, da – ikke sandt?

Saa har jeg bestemt mig til, hvis intet kommer iveien, at jeg reiser ind til Kristiania 4de mai, torsdag, og saa vil da jeg møde Dem søndag 7de mai. ... De ringer mig op i telefonen, (G. M. Bryde, privat). Jeg skjælver allerede naa ved tanken paa det sidste! Saa der kan De se, hvor modig jeg er igrunnen. ... husk saa paa, at jeg kan saa lidet staa ene i verdens mylder. Og skulde den dag komme, at De ikke trønger mig mer, da gaar jeg stilt tilbake til min store ensomhed.

Mine varmeste hilsener!

Karin Bryde. –

I venstre marg: (De beder mig i sidste brev fortælle noget om mig selv – men nei tak! Det vil jeg vente med. Jeg er ellers ræd, De vilde flyve tusinde mile væk! Og det vil jo ingen af os nu – ikke sandt?)

Karin gjekk eit par klassetrinn over Olav på lærarskula. Her røpar ho at ho alt som student – det kan ha vore i 1904 /05 – hennar andre, Olavs fyrste år på skulen – merka seg han, og vart med på elevstemna våren 1908 i von om å sjå han att. Og slik gjekk det, men så skjedde det ikkje noko meir. Hausten 1908 debuterte Olav Sletto, som nemnt, med boka «Dei gamle». ... ei vakker fortelling om ei verdig avslutning på eit langt bondeliv. Boka minka ikkje kjensla hans av einsemd, kanskje tvert om. Mor hans forlet han, som vi har høyr, som spebarn. Ho var tenestjente (18 år) og måtte ut att i tenest radt etter fødselen. Eit svik guten bar med seg som eit stort, svart tomrom inni seg, og som gjorde han til «den einsamste i verdi». Inntil han trefte Karin. Ho var den einaste som kunne fylle dette tomrommet. Utan henne vart livet ikkje verdt å leva. Og Karin? Ho kjende seg, som vi har sett, ikkje heime blant sine egne. Dei var for materialistisk orientert. Karin søkte det åndelege. Familien oppfatta henne som «sær». Stundom ein religiøs grublar som kjenner seg trekt mot det mørke. I breva til Olav let ho det skine igjennom at ho hadde hatt sine svært tunge stunder. To einsame sjeler fann kvarandre. Tilfeldig? Ingen av dei trudde det. Her var den store kjærleiken under utvikling, for dei baa –

ein krevjande kjærleik, eit kjenslemessig risikoprojekt. Men det visste dei ikkje no, då dei ga seg sine pasjonar i vald.


Karin kunne ikkje dele sin store kjærleik med familien – enno. Men ein kunne ho betru seg til, ein god, gamal ven av familien, som hadde sitt faste rom på Kathrineborg: Målaren og bohemen Christian Krohg (81)! Ho ertar Olav med den gamle venen, utan å røpe kven han er. Olav spelar suveren, men her treffer Karin eit ømt punkt hjå han, skulle det vise seg. Olav var svartsjuk.

Både Olav og Karin husar store draumar om liv og samliv. Dei har høge krav til seg sjølve og kvarandre: Reinleik, truskap, streben etter «det fuldkomne». Kunsten, skrivinga, skal underordnast kjærleiken. Den er det største. Den skal dei dyrke.

«Lat forfattaren fara, og kom i hug at det er ein mann eg er, - og vil vera. Det andre – diktingi – det kjem seinare som ei frugt av Dykkar og mitt liv. - - », og frå Kristiansand skriv han: ...– Trur De at ein diktar t.d. maa ofra andre menneskje til aa naa noko som kunstnar? Nei. Heile den tankegangen er berre runne upp av eit fordømt egoistisk hjartelag, det kjenner De, berre De gaumar etter Dykkar eige instinkt. Ein kunstnar maa i eitt eller anna forhold ofra seg sjølv – gjeva seg heilt. Daa kann han ha von um aa veksa stor, og femna heile livet. Det er berre tronge smaa ”kunstnarsjæler” som aldri hev kjent dei største straumdrag i sjæli, dei maa ha denne tankegangen som sin stordoms festning. [21.4.1911].

Karin Bryde!

... Det er noko som ein faare som heng yver meg. Men De vert den som vil berga meg, eller den som hjelper fienden so eg sjølv kastar meg ut. Eg kann ikkje syrgja meg bitter, men syrgja meg saar og sjuk, og soleis at livskjensla vaknar med krav um aa gløyma, det er faaren. De fær ikkje vita meir. Berre so mykje, at det er kvinnor - -
Ver ikkje rædd for meg, so lenge eg hev Dykk so er eg den sterkaste mann.



Faksimile av brev med denne påskrifta: Fraa missionferdi ½ mil utanfor Kristiansand 21/4 1911.

Aa, eg skynar det er berre dumt nemna dette her! Kvifor plagar eg Dykk med sovore. – Aa jau, eg hev ingen annan ”fortroleg” eg. Og heilt einsam ... Der stend eller sit daa eg – den einaste som er utanum det heile. Dei merkar nok at eg lyser som av gleda sumtid, og kjenner noko som ung varme, dei fatar ikkje kva det er – at eg sit hjaa Dykk, og møter alt vaart. Kor usegjelegt stort det er, aa vera elska av eit stort, godt menneskje! Min evige takk!

...
I morgon til Sætesdaal. Andre gongen me møtest, daa skiljast me aldri! Nei vel, det var no ikkje meiningi heller det! No legg armen kring Dykk, og - - - - -

Olav Sletto

Dei eig ikkje blek her paa hotellet – heller ikkje pen. Og tidi knapp. Skrifti fæl.

Når maskene fell, er dei sårbare – svært sårbare. Karin sparar fortellinga om sitt liv til dei er tosaman i Kristiania. Ho er redd Olav vil ta skrekken, redd for å miste han, no ho har våga opne opp for sine innerste tankar og kjensler. Olav skriv: ... eg hev ingen annan ”fortroleg” eg. ... heilt einsam. ...».

Evje i Sætesdaalen, 22-4-1911



Foto: Wikipedia

Karin Bryde!

... Me er ”sælsomt” bundne. De er som havet. Eg kjende det i gaarkveld. Eg sat i kariolen utanfyre Kristiansand, og havet laag utyver – utyver under himmelen. Eit ord til; det kann De ikkje forstaa: **I natt batt eg Dykk til meg. Aldri so lenge De liver kann De koma laus fraa meg! Du og eg er eitt! Gjort er gjort!**

Olav Sletto

Kathrineborg, 24-4-1911

Olav Sletto!

Har nylig læst Deres sidste brev igjennem og jeg skynder mig at svare: Jeg tviler jo ikke paa din kjærlighed – ei heller paa min egen – men jeg tviler stundom paa min evne til at være din hustru! Forstaa mig i dette! Og vær glad for det! Thi det viser jo bare hvor jeg sætter Dem høit – og hvor meget jeg fordrer af hende, der skal staa ved din side.

Hvad jeg vil, er det, at De skal staa helt fri – indtil vi mødes!

Jeg ved jo, at der er skjænket mig den herligste egenskaben til at være hustru og mor, - og til at skabe et hjem, der hævet over hverdagen vil bære bud om al skjønheds harmoni, al sand fuldkommenhed – uden dog at være hævet over jorden. Thi det er netop den, jeg elsker at høre til! Og jeg ved ogsaa, at jeg eier evnen til at møde en manns varmeste længsler og dybest attraa – dog saaledes i at vi begge vinder i styrke! Tilgiv, at jeg nævner dette – men jeg vil bare, De skal vide, at jeg forstaa Dem! ...

Saa skal De altsaa ikke ængstes; thi De ved jo, at De er mit alt! Saa fult har De trænget ind i min sjæl, at De er blit mig min livsbetingelse! Jeg vil tjene Dem, vil jeg, med mine evner og anlæg – og med mit varme, bankende hjerte. - Men i den fuldeste frihed!

Og skulde saa ikke mine evner strække til for at være Dem alt, saa vil De alligevel takke, for hvad jeg gav og ”ikkje syrgjer deg arm og sjuk!”

De siger et sted, at for Dem er jeg noget ”sers” blant alle verdens kvinder. Ak, ja! Her rører De ved det saareste hos mig. Thi netop dette har voldt mig mit livs dybeste smerter. Og skulde der engang komme noget godt ud af dette mit sære og eiendommelige væsen (hvad jeg fuldt og fast tror) saa ved jeg, at det er betalt med et menneskelivs største lidelser. Mine øine dugges ved tanken paa al den mørke elendighed, der ligger bag mig. Men saasart mine tanker naar Dem fyldes mit sind med jubel. Thi De vil bære mig ud i soldagen, hvor jeg fri for alle baand vil vokse og udvikles (og som De selv siger) til et Herrens kunstverk! ...

Jeg tænker paa Dem. ... Blant mine egne, saa mange de end er, har jeg ingen, som det vilde falde mig tungt at skilles ifra. Men jeg har venner, som jeg selv har valgt, og jeg saa jo helst at de delte min smag her. Hvis ikke, har det intet at sige. –

Saa spørges der saa alvorlig, om jeg tror, at en kunstner maa ofre den som han elsker – for kunstens skyld. Nei, jeg tror ikke det. Alene ved at give sig helt hen i kjærlighed – først da kan han reise bygværk! De, der tror at maatte ofre sine hjerter – for kunsten, de forblinder sig selv, og vi ser, at de faar sin største evner i det, at rive ned og gruslægge! Nei, gaa selv foran og vis anden vei til lykke og harmoni. ... Og det tristeste af alt paa jord er de mange hæslige, ulykkelige ægteskaber! - Men hvad skal saa vi to sige? Vil stemningen løbe af med os? Nei, nei! Dertil er grundlaget og bygget for fast og sikkert! – ...

Karin Bryde. –

Karin ... «tviler stundom paa min evne til at være din hustru!» Ho set Olav så høgt. Vil ho makte fylle rollen som hans hustru? Der ho er usikker, er Olav heilt sikker i si sak: Karin er den rette for han. Dei har sams forståing av kva kunst er og skal vera, og om familien og kjærleikens plass i eit ekte kunstnarsinn og ein sann kunstnarheim. Forfattarkallet skal underordnas kjærleiken. Olav hyllar livet, men klarer han femne det? Løftene sit laust i forelskelsens brus. I den praktiske kvardagen skulle dei koma til å slite med løfta dei ga kvarandre under taleferda i Agder. Det er forfattar Olav Sletto er.

Frå Evje går ferda til Homnes i Sætedal. Herfra skriv han eit brev – på Karin sitt språk.

Homnes i Sætedal 26-4-1911



Foto: Wikipedia

Karin Bryde!

Denne gang et lidet brev i denne form. Men spot mig ikke, om De skulde finde udtrykssættet noget ubehjælpeligt. ...

Sætedalselven synger for mig naar jeg sidder i kariolen og kjører. – Jeg forstaar ingenting, men jeg fornæmmer alt.

Det De nævner i Deres sidste brev, som De har tænkt skal skje St.Hans [dei skal treffast og han skal vera med til heimen hennar i Sandefjord] – det er skjønt og forjættende. Vi skal staa foran tegnet som der findes – den eiendommelige hentydning i bordpladen – til vore deiligste drømme. Og det er sikkert: I drømmenes susen griper vi virkeligheden. Jeg lægger mine armer tæt – ja saa tæt om Dem! De skal føle at jeg er bare ærlighed, varme, hengivelse. Og hjemmet vort som vinker! Og lykken som venter! Skjønheden vil bygge himmel over os og vore tanker. Harmoniens aand vil gjæste os, og fæste bo under vort tag. ... Jeg vil se til at kunne være i Xiania den 7de mai. Paa min hjemtur til Hallingdal. Vi udsætter ikke mødet – saa sandt ikke tvingende grunde nøder os til det. Jeg ængstes altid naar noget trækker ud – til et langsommere tempo en hvad er mig naturligt. Og vi to er hele mennesker.

Føler De min arm - - -
Deres Olav Sletto

Dette er ein av svært sjeldne gonger Olav Sletto skriv på riksmål/dansk. Kvifor gjer han det her? Vi veit frå seinare brev at han nyttar seg av riksmål i korrespondanse med svenske kollegaer, og eit par gonger når han seinare skriv mann-til-mann-brev til Karins bror, Johan. Ellers brukar han landsmål, med kreativ bruk av eigenkomponerte ord og vendingar, og frå munnleg tale, slik han høyrde besteforeldra tala då han vaks opp i Hol på slutten av 1800-talet. Mange prøvde, etter det han skriv i «sjølvbiografien» sin, dei 6 binda kalt Olverbøkene, å få han til å skifte skriftspråk, for då ville fleire forstå han, og bøkene ville selja betre. Velviljuge overklassedamer baud han tilmed godt betalt jobb om han berre ville legge om til riksmål. Dei forrekna seg! Ikkje Olav Sletto, nei. Språk er identitet. Språk er kulturhistorie. Landsmålet var del av ei nasjonal reising, for fridom og sjølvstende etter unionsbrotet med Sverige i 1905! Mot embetsmannsstaten. Kva trudde dei? Så kvifor skriv han riksmål/dansk til Karin her?

Kathrineborg, 30-4-1911

Min ven – og min kjærlighed!

...Men i al min lykke er der noget – som en rædsel følger mig. Og jo herligere De kommer mig imøde, desto større blir denne min rædsel – rædselen for, at De er mig for sterk! Og dette virker igjen saa saart paa mit sind. Men saa kan jeg stund imellem stilles til ro ved denne min tanke: Der vil gives ham, hvad den har – og saa? Saa faar alt gaa, som det skal. Thi der er dog høiere magter med i dette vort menneskespil – og der vil bringes det bedste ud af det alt! Jeg er saa forvissat om det! Og derfor møder jeg Dem glad – den dag De kalder! – De siger, at De graad den nat, da De dagen efterpaa skrev det herligste af alle brev – ja da vil jeg ogsaa engang fortælle Dem, hvad jeg drømte natt til den dag, da dette brev kom mig ihænde! Og vi vil eie en styrke – i de hemmelige magter! De siger ogsaa i Deres brev, at jeg er som havet. Ja, jeg er tung og uudgrundelig – som det. Men hvorfor skal jeg saa tro, at De ikke elsker havet – ikke føler Dem hjemme ved det – at det er Dem for ensomt og fremmed? De har saa lidet fortalt mig om det – naar disse tanker har gjæstet mig tidt og kastet mørke skygger! Maaske er dette mit sidste brev – før vi mødes. Og derfor: I kjære, gode magter, der har ført vor sag i disse aar og bragt os did, hvor vi nu er. – stevn til møde med os, at det bundne maatte frigjøres!

Deres Karin Bryde.

Kristiansand, 3/5 1911

Karin Bryde!

...De eig dei store linor som havet, dette same høge som havet. Men havet er berre ein part av Dykkar væsen. For De Karin Bryde er havet og landet i samanlagt. Men dette hev De kjent sjølv so tidt. For De er ogsa landet med skoglundar, og tankar gror det ein rikdom av paa skogbotnen. De eig bratte sterke linjer, og linne yndefulle linjer – flugt, høgd, og alltid er De seg. Ein finn Dykk rikare, djupare, større – di nærmare ein kjem Dykk. Men heilt lærer ein Dykk vel aldri aa kjenna. Men – so er De ogsa alt det som havet er. Og eg elsker havet og eg elsker landet i Dykkar hug. ... Alt det sermerkte i Dykkar hug – det vil verta til det største. Det visste eg – eller kjende den gongen jamvel. Det ana eg. – ... No hev er lagt alt som heiter talaren paa hylla til so lenge. I morgon tidleg fer eg vestyver med Brevikbaaten – og vil aust i solland møta Solmøy. Og sundag – so kjem De til meg, fordi at eg hev ropt paa Dykk. Og dersom De daa friviljugt og glad legg armane kring meg – so fær De merka at eg er varm – fraa fyrst av, daa skal eg ikkje freista paa aa vera roleg og kald - - - ..._Eg stundar mot Dykk med heile min haatt og hug. – so kjem De inn døri. Og De skal kjenna kor trygt der er – for min kjærleik er sterkt – heil. Min munn er raud og skjelv, kysst - - kjære! Dykkar Olav Sletto

Etter meir enn åtte titals brev mellom dei to elskande, dampande av ærbar, sterkt erotisert åndelegheit, har Oskeladden, Olav, med sine morosame, insisterande og forførande brev nesten oppnådd det han ville: Å vinne prinsessa i tårnet.

5. mai 1911 er Olav Sletto attende i Kristiania. Der ventar Karin Bryde. 7. mai 1911 fann det andre møtet mellom Karin Bryde og Olav Sletto stad. Fyrste gongen var, som nemnt, på Notodden i 1908.

Olav Sletto var viljesterk og handlingsdyktig, driven kanhende av underliggande morslengt og ein draum om ei mor han mista som spebarn? Ei mor som fanst i verda, men som han ikkje oppsøkte. Karin ville han ha – helst heilt for seg sjølv. No hadde dei tre herlege mai-dagar saman – men kvart sitt rom – på St. Olafs hotel i Kristiania. I det dulde. Slik måtte det vera. To einsame sjeler hadde funne kvarandre. Dei treftes enno eit par gonger, og Olav vart introdusert for Bryde-familien i Sandefjord. Dei likte han, viste det seg. “Aandens magt, ved De”, meinte Karin. Men ingen visste at dei i djupaste løynd vart vigde hjå byfogden i Drammen 27. juli 1911. Slik måtte det vera.

Brev mellom Karin Bryde og Olav Sletto under taleferda i Agder i april- mai 1911:

- 8.4.: Brev skrive på toget til Skien - postlagt i Sandefjord
- 9.4.: Brev frå Karin Bryde i Sandefjord (Kathrineborg)
- 10.4.: Brev frå Karin Bryde i Sandefjord (Kathrineborg)
- 11.4.: Brev frå Olav Sletto i Kristiansand
- 14.4.: Brev frå Olav Sletto i Mandal (Kr.sand - Mandal idag 42 km)
- 17.4.: Brev frå Olav Sletto i Øyslebø (Mandal - Øyslebø 19.1 km)
- 19.4.: Brev frå Karin Sletto i Sandefjord (Kathrineborg)
- 21.4.: Brev frå Olav Sletto i Kristiansand
- 22.4.: Brev frå Olav Sletto i Evje i Sætesdal (Kr.sand - Evje i dag: 75.9 km)
- 24.4.: Brev frå Karin Bryde i Sandefjord (Kathrineborg)
- 26.4.: Brev frå Olav Sletto i Homnes i Sætesdal (Homnes ligg på vegen til Evje)
- 30.4.: Brev frå Karin Bryde i Sandefjord (Kathrineborg)
- 3.5.: Brev frå Olav Sletto i Kristiansand

Kart som viser stader der Olav Sletto tala i Agder i april-mai 1911:



Kjelde: Wikipedia

● = talestader (Homes sørvest av Evje)

Sletto-arkivet i Hol kommune

I Sletto-arkivet finst fleire hundre brev, manus, avisutklypp m.v. Det er Olav Sletto sjølv som har rydda i papira sine, og bestemt kva han ville skulle takast vare på for ettertida. Det han ikkje ville la falle i framande hender, brende han truleg, slik han sjølv skriv i «På alderstun» (Olver-bok nr. 6, 1963). Det vi gir att her er altså klargjort av forfatternen sjølv. Ord og tegnsetting m.v. er som dei sjølv har skrivne det i breva. Utvalet er redigert av Eva Almhjell, leiar i Olav Sletto-selskapet.

Vi beheld det i breva som vi meiner gir auka kunnskap og innsikt i forfattaren Olav Slettos liv, og dermed i diktinga hans, vanlegvis om transporttilhøve, postgang, korleis taleferdene gjekk, og etterkvart relasjonen mellom ektefellene. Men i breva frå taleferda i Agder april-mai 1911 er det lite informasjon å hente om sjølve taleferda. Kjærleiken var viktigare.

Eva Almhjell har transkribert all korrespondansen mellom ektefellene som er bevart i Sletto-arkivet i Hol bygdearkiv. Hol kommune eig Sletto-arkivet. Olav Sletto-selskapet forvaltar det. Eva Almhjell eig det transkriberte/skanna materialet, og skal krediterast ved bruk av dette.

Jørn Øyrehagen Sunde, rettshistorikar og professor ved Universitetet i Bergen, er rettleiar i arbeidet med Sletto-arkivet.

Kjelder:

Brev mellom Karin og Olav Sletto under Slettos taleferd i Agder i april-mai 1911.

Litteratur:

Eva Almhjell: Kjærleik i dølgsmål. Glimt av Olav Sletto og Karin Brydes stormfull kjærleik, og vigsle hjå byfogden i Drammen 27. juli 1911. Rundt om Drammen, nr. 2/2018 (kjem).

Eva Almhjell: So mykje som 8 dagar kan eg vel spandera på min fødedal. Olav Sletto på taleferd i Hallingdal i januar-februar 1915 (Årbok 2018 for Olav Sletto-selskapet).

Eva Almhjell: Vesleheimen skulle lyse utetter og verme innerter. Slettos 5 år i Vollen/Asker.

Årbok for Vollen historielag 2018 (kjem)

Olav Sletto: Olver-bøkene, bind 6 «På alderstun» (Norli 1963).

Johs. A Dale/L. Reinton: «Ei bok om Olav Sletto», Samlaget 1966.

Eva Almhjell/Jørn Øyrehagen Sunde: Anne Sletto. Eit kvinneportrett, Boksmia 2015.

Berge Furre: Norsk historie 1905-1940, Samlaget 1971.

Eva-Charlotte Mørk: Mytologisk prefigurasjon i Olav Sletto sine bøker om Loke.

Masteroppgave i nordisk litteratur, NTNU Trondheim mai 2016.